Fyresdal kommune

Arkiv:	026
Saksmappe:	2026/931-8
Saksbeh.:	Ulf Pedersen
Dato:	16.11.2026

Saksframlegg

Interkommunal psykologtjeneste - vidareføring av eksisterande samarbeid

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Vedlegg
1 Samarbeidsavtale om 50% psykologstilling i RPH - Vinje kommune.pdf
2 Eksisterande vertskommuneavttale - RPH.pdf
3 Eksisterande vertskommuneavtale - interkommunalt psykologsamarbeid.pdf

Bakgrunn for saka:

Vinje kommunestyre har vedteke å ikkje slutte seg til interkommunal psykologteneste. Føresetnaden for den planlagde utvidinga er dermed endra. Saka blir lagd fram for å oppheve det tidlegare vedtaket om utviding og vidareføre eksisterande samarbeid.

Interkommunal psykologteneste blei etablert i 2019 som eit vertskommunesamarbeid mellom Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord og Tokke kommunar, med Seljord som vertskommune. Vinje kommune sende 7. mai 2026 ein førespurnad om å slutte seg til samarbeidet.

Deltakarkommunane har handsama sak om å utvide samarbeidet med Vinje frå 1. januar 2027. Utvidinga var knytt til ny samarbeidsavtale og endra ressursfordeling mellom psykologtenesta og Rask psykisk helsehjelp.

Vinje kommunestyre vedtok 10. november 2026 å ikkje slutte seg til samarbeidet.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Med bakgrunn i at Vinje kommune likevel ikkje vil inn i psykologsamarbeidet, ynskjer ein å opprettholde det tidlegare samarbeidet, og ein treng derfor å oppheve kommunestyrets tidlegare vedtak om å innlemme Vinje kommune i samarbeidet.

Ordninga med styringsgruppe med representantar på kommunalsjefnivå og arbeidsgruppe med fagansvarlege frå aktuelle tenesteområde blir vidareført.

Dagens ressursfordeling blir vidareført med 1,5 psykologårsverk i interkommunal psykologteneste og 0,5 psykologårsverk i Rask psykisk helsehjelp. Barn og unge skal framleis vere det prioriterte innsatsområdet i psykologtenesta. Digitale kommunikasjonsløysingar blir vidareførte som arbeidsverktøy for å redusere reisetida og nytte ressursane godt.

Kostnadene blir framleis fordelte etter folketalet i dei fem deltakarkommunane. Dersom budsjettframlegga for 2027 byggjer på utvidinga med Vinje, må desse tilpassast vidareføringa av dagens ordning. Eventuelle nødvendige budsjettendringar blir handsama i den enkelte kommunen.

Ei eventuell tilslutning frå Hjartdal kommune må vurderast i ei eiga sak og er ikkje knytt til evaluering av ei utviding med Vinje.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at vedtaket om utvida samarbeid blir oppheva, og at eksisterande samarbeid mellom dei fem deltakarkommunane blir vidareført etter gjeldande samarbeidsavtale. Dei planlagde endringane i ressursfordelinga mellom psykologtenesta og Rask psykisk helsehjelp blir ikkje gjennomførte.

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Kommunestyret sitt vedtak i sak 58/26, 17.09.2026, om utvida vertskommunesamarbeid for interkommunal psykologteneste blir oppheva og erstatta av punkta nedanfor.

2. Interkommunal psykologteneste blir vidareført mellom Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord og Tokke kommunar, med Seljord kommune som vertskommune og med grunnlag i gjeldande samarbeidsavtale. Avtala om utvida samarbeid med Vinje frå 1. januar 2027 blir ikkje sett i verk.

3. Dagens ressursfordeling blir vidareført med 1,5 psykologårsverk i interkommunal psykologteneste og 0,5 psykologårsverk i Rask psykisk helsehjelp. Dei planlagde endringane i ressursfordelinga som følgje av utvidinga blir ikkje gjennomførte.

4. Kostnadene til interkommunal psykologteneste blir framleis fordelte etter folketalet i dei fem deltakarkommunane. Eventuelle nødvendige budsjettendringar blir handsama i den enkelte kommunen.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør